

Søknadsskjema for Bolyst. Søknadsfrist: 3. mai 2010.

1. Hva er navnet på prosjektet?	"Seljord & Sogene"
2. I hvilken fase er prosjektet? (sett x)	a) Forprosjekt b) Hovedprosjekt X c) Videreføring av eksisterende prosjekt
3. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	Seljord kommune
4. Søknadsbeløp:	kr 800 000,-
5. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig.	<p>I 2008 søkte Seljord kommune Kommunal og regionaldepartementet om tilskot til "Seljord & Sogene". KRD løyvde kr. 800.000,-, noko me er svært takksame for.</p> <p>"Seljord & Sogene" er eit fire årig kreativt kulturbasert stadutviklingsprosjekt med mål om å byggje omdømme og auke attraksjonskraft. Fysisk tilrettelegging og kunst, kultur og opplevingar vert bruka aktivt inn som eit strategisk virkemiddel i stadutviklinga. Prosjektet er bygd opp med 14 delprosjekt som alle verkar saman mot eit felles mål.</p> <p>Aktivitetar i 2009 er gjennomførte med svært gode resultat. Gjennomførte prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none">• Internasjonal workshop "Into the landscape" kor 3 kunstinstallasjonar vart bygd på gode utkikkspunkt rundt Seljordsvatnet.• Sentrumsopprusting.• Bygd del av turveg/folkesti.• Heimesida (webforum) www.seljordogsogene.no.• Profesjonalisering av kulturnæringar. <p>Eigen rapport "Into the landscape" og ulike bilete av gjennomførte tiltak kan dykk finne på vår heimeside.</p> <p>No arbeider me aktivt med nye prosjekt og ynskjer igjen å søke KRD om støtte. Dykkar eventuelle støtte kan igjen vere med på å "løfte prosjektet vidare opp" og gje oss mogelegheit til å slutføre tiltak i samsvar med tiltaksplan med høg kvalitet.</p>

	<p>Seljord kommune søker KRD om støtte til tiltak planlagt gjennomført i 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Formidling • Skilting og møblering • Kunstprosjekt med skulane og kunstlåven • Workshop om digitale forteljingar retta mot ungdom • Førebuing av "Into the landscape" som EU prosjekt og førebuing av bygging av utkikkstårnet ved Seljordsvatnet <p>Jf vedlegg "attraksjon og kunst for alle – kunst som stadutviklar"</p>
<p>6. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?</p>	<p><u>Hovudmål</u> Målet med "Seljord & Sogene" er å skape attraksjon, bygge omdømme, auke folketalet, auke besøkstal og skape nye arbeidsplassar.</p> <p>I dette arbeidet ser me at satsinga på Sjøormen og "Into the landscape" har vekt stor mediamerksemd, og har blitt spydspissen i attraksjonsarbeidet.</p> <p><u>Delmål</u> Lokal vekst, både innanfor tradisjonell næring og handel, samt vekst for kulturnæringar ved samhandling (saman blir me sterkare) er også mål med prosjektet. Me ser at campingplassane, gardsturismeverksemdar og reiselivsnæringa tek i bruk prosjektet for eigen vekst.</p> <p>Seljord er handels- og arrangementsstaden i regionen og vår satsing har som mål å utvikle opplevingsøkonomien i regionen. Det er også eit mål at prosjektet skal ha overføringsverdi til andre kommunar og regionar. Det er allereie interesse for prosjektet i andre Telemarks kommunar.</p>
<p>7. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?</p>	<p>Prosjektet er i sitt tredje prosjektår og me arbeider for tida med evaluering av dei to fyrste åra. Det visar seg i evalueringsarbeidet at resultatindikatorane som prosjektet har for måloppnåing bør omarbeidast; tidsrommet for målingane er for korte. For å vite om prosjektet har gitt dei resultatane me ynskjer, bør resultatmåla delast inn i tre epokar: 5 år før prosjektperioden, i prosjektperioden (4 år) og 5 år etter prosjektperioden.</p> <p>Resultatmåla som skal målast i fylgje opphavlege planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Talet på tilsette innan handel skal auke med 5 prosent pr år, totalt 20 prosent i prosjektperioden. Dette svarar til ei auke frå 300 til 360 tilsette. • Talet på gjestedøgn til festivalar og aktivitetar i Seljord skal auke med 5 prosent pr år, totalt 20 prosent i prosjektperioden. • Talet på overnattingsdøgn i hotell og campingplassar skal auke med 5 prosent per år, totalt 20 prosent i prosjektperioden. • Dette skal føre til ei aukiing i talet på tilsette i turistnæringane frå 100 til 120 tilsette. • Samla tal på arbeidsplassar i privat næringsliv skal total auke med 100 i prosjektperioden, frå 855 til 955. • Netto innflytting til kommunen frå andre delar av Noreg skal vera på ein prosent i prosjektperioden. Innbyggjartal pr 1. januar 2008 var 2 932.

	<ul style="list-style-type: none"> • Oppnå auka omtale i media og presse med 20 prosent. Måle dette gjennom tal på redaksjonelle oppslag i TV, radio, web og trykt presse/media. • Sikre forankring i og informasjon ut til dei som bur her, og gjennomføre ein prosessevaluering for å måle dette. Dette vil bidra til å sikre overføringsverdien av prosjektet ut til andre bygdekommunar.
8. Hvem er målgrupper for prosjektet?	<p>Prosjektet legg vekt på å utvikle ein modell for utvikling av bygdesamfunn og dei medverkande/involverte er definert som hovudmålgruppe.</p> <p>Elles er målgruppene definert som innbyggjarar (noverande og nye), besøkande og næringsdrivande.</p>
9. Hvilken forankring har prosjektet lokalt, eventuelt også på andre nivåer?	<p><u>Lokalt</u></p> <p>Prosjektplan med tiltaksplanen vart vedtatt i kommunestyret 24. april 2008. Prosjektorganiseringa som då vart vedtatt har sikra både god lokal forankring og ikkje minst godt politisk eigarskap til prosjektet.</p> <p>Politikarar og administrasjonen deltek aktivt i prosessen saman med næringsdrivande, kunst- og kulturaktørane, og for å ikkje gløyme dei unge som deltek aktivt saman med ulike frivillige organisasjonar.</p> <p><u>Regionalt</u></p> <p>Telemark fylkeskommune støttar prosjektet både økonomisk og ved deltaking i styringsgruppe og referansegrupper. Innovasjon Norge støttar kultur næringer i prosjektet med utviklingsmidlar .</p> <p><u>Statleg</u></p> <p>Prosjektet er godt forankra hjå NVE og Statens vegvesen (deltek i arbeidsgruppe og har utført tenester vederlagsfritt). www.distriktsenteret.no fylgjer oss og arbeider med evaluering. Prosjektet er også omtala på http://www.regjeringen.no/nb/sub/stedsutvikling/gode-eksempler/stedsutvikling-fylkesvis/telemark-fylke.html?id=587497.</p>
10. Når skal prosjektet gjennomføres (fra-til)?	<p>Prosjektet starta opp i 2008 og skal avsluttast i 2011. Delprosjekta det vært søkt tilskot til, skal gjennomførast i 2010. Men erfaringar me har gjort så langt i prosjektperioden, viser at aktivitetar kan ta noko lenger tid enn fyrst planlagt og det skaper noko uvisse knytt til tidsplan.</p> <p>Vedlagte prosjektplan med budsjett, framdriftsplan og milepælsplan, vert bruka som grunnlag til søknader sendt til ulike finansieringskjelder. Utfallet av søknaden vil avgjere gjennomføringstidspunktet og storleiken på delprosjekta.</p>
11. Hvor geografisk konsentrert vil	<ol style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommuner i regionen c) Effekten kommer i hele fylket

prosjektet ha effekt? (sett x)	<p>d) Effekten kommer i eget og andre fylker X</p> <p>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge (?)</p> <p>f) Vet ikke/ikke relevant</p>
12. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.	<p>Det skal gjennomførast sluttevaluering av prosjektet og den vil forhåpentlegvis vise oss kva som har vore prosjektet sin styrke og svakheit, og kva som bør arbeidast vidare med.</p> <p>Attraksjonsarbeidet i prosjektet har allereie skapa god marknadføringsverdi. Dette skal brukast aktivt vidare av Seljord kommune også etter at prosjektet er avslutta.</p> <p>Seljord kommune har starta opp å rullere kommunedelplan for Seljord sentrum. Prosjektet sine ulike mål og tiltak skal implementerast inn i kommunedelplanen.</p>
13. Fylkeskommunens vurdering av prosjektet.	
14. Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret. Flere svar er mulig).	<p>a) Stabilisere eller øke befolkningen X</p> <p>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X</p> <p>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X</p> <p>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne X</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd)</p> <p>g) Styrke regionale sentra X</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringsvalg for bedrifter? X</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X</p>
15. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.	<p>Harriet Slaaen Prosjektleder "Seljord & Sogene" Plan- og næringssjef Seljord kommune Brøløsvegen 13 A 3840 Seljord e-post: harriet.slaaen@seljord.kommune.no tlf: 350 65 152/90 20 50 54</p>

I tillegg til dette skjemaet, må søkeren legge ved:

- Budsjett med kostnadsoverslag

- Finansieringsplan
- Framdriftsplan og milepælsplan



Seljord & Sogene

Attraksjon og kunst for alle



Kunst som stadutviklar

KULTURBASERT STADUTVIKLING

Kontaktperson: Harriet Slaaen, Seljord kommune




INNHALD

Introduksjon	4
Kunst som stadutviklar	4
Skjematisk oversikt	5
1. Delprosjekt J: Vatnet og Sjøormen	6
Kunstnarleg konsept	6
1.1 Into the Landscape: Utkikkstårn	6
Samarbeidspartnarar	7
Kunstnarane	7
Framdrift	8
1.2 Into the Landscape: EU prosjekt	8
Budsjett og finansieringsplan	9
1.3 Into the Landscape: LYD-Workshop	10
Samarbeidspartnarar og organisering	10
Kunstnarar	10
Framdrift	10
Budsjett og finansieringsplan	11
2. Delprosjekt E: Skulane og Kunstlåven	11
Kunstnarleg utgangspunkt og bakgrunn	11
2.1 Demokrati og offentlig debatt	12
2.2 Aktivitet og leik	12
2.3 Fotoforteljning workshop	13
Samarbeidspartnarar	13
Framdrift	13
Budsjett og finansiering	13
3. Delprosjekt K: Stoppestaden	14
Samarbeidspartnarar	14
Framdrift	15
Budsjett og finansiering	15
4. Delprosjekt B: Formidling og skilting	16
4.1 Kikkeskåp	16
Kunstnarane	16
Beskrivelse	17



Seljord & Sogene

Samarbeidspartnarar	18
Framdrift	18
Budsjett og finansieringsplan	18
4.2 Skilting	19
Budsjett og finansieringsplan	21



Prosjekteigar: Seljord kommune

Prosjektutviklar: Springer kulturstudio as og Feste landskapsarkitektar as

Det er utarbeida eit vedlegg som syner skisser knytt til kunstprosjektet "Attraksjon og kunst for alle".



INTRODUKSJON

“Seljord og sogene” er eit heilskapleg stadutviklingsprosjekt der fysisk tilrettelegging saman med kunst, kultur og opplevingar er innhaldet i prosjektet. Målet med prosjektet er å byggje attraksjon og omdøme. Resultatet Telemarksforsking kom fram til i analysa «Kulturmagnet Seljord», syner at Seljord er eit godt handelssenter for Vest-Telemark og har hatt ei netto innflytting dei tre siste åra. Seljord vil markere seg som eit senter i regionen også i høve til kunst, kultur og opplevingar. “Kulturmagnet Seljord” peikar på at det viktigaste strategiske grepet Seljord kan ta er «attraktivitetsstrategien». Der det å arbeide med å opparbeide gode møteplassar og kunst og kultur er viktige tiltak.

Prosjektet skal ivareta utviklinga av Seljord som ein god plass å bu og å drive næring. Og ein god plass å vitje. Dette skal gjerast ved at fysisk tilrettelegging vert knytt opp mot utvikling av kulturprosjekt, der ein byggjer vidare på identitetsskapande møtestader i Seljord, kulturminne og soger. Både historiske, samtids- og framtidssoger om og frå Seljord skal formidlast.

Tverrfagleg samarbeid og kreative prosessar er arbeidsmetode i “Seljord og sogene”. Samspelet mellom kultursatsing og fysisk tilrettelegging av identitetsskapande stader i bygda er det sentrale. Kommunen sine avdelingar innafor plan, næring og kultur har eit særskilt samarbeid gjennom prosjektet “Seljord og sogene”, der planlegging av dei fysiske rammene har spesielt fokus på å skape uformelle møteplassar som rammer om opplevingar knytt til kunst og kultur.

KUNST SOM STADUTVIKLAR

Kunsten er ein integrert del i prosjektet Seljord og sogene, som eit strategisk virkemiddel. Kunsten er dermed ein sentral del av stadutviklingsprosessen. Det er kunst ute i Seljord; i sentrum, ved skulen, ved stoppestaden og ved vatnet. Det er ulike typer kunstuttrykk; installasjon, arkitektur og design, foto, film og lyd. Det er relasjonelle verk og stadspesifikke verk. Det er mest permanente verk og noko temporære verk. Kunsten er også ein sentral del av formidlingsplanen og det er laga ein god plan på formidlinga av samtidskunsten. Alt dette er knytt tett saman med stadutviklingsprosjektet og perspektiv rundt kulturbasert næringsutvikling.

Kunst og opplevingsperspektivet i prosjektet er knytt til sogene og sogematerialet i og frå Seljord, og dette er sett i samanheng med landskapet og omgjevningane. Det er med utgangspunkt både i historiske og mytiske soger, samtidssoga og framtidssoga. Sogene og sogematerialet er viktig i eit identitetsskapande perspektiv både i høve til staden og folka som bur her. Wikipedia: Soge (frå [norrønt saga](#), 'utsegn, forteljing') viser til noko som blir sagt eller fortald. Soge kan vise til svært ulike stilnivå, frå simpel baksnakking til høgtidelege [kongesoger](#).

Fokuset knytt til sogene har vore todelt;

- *Det eine er å formidle historiske og mytiske soger,*
- *Det andre er å leggje tilrette for at nye soger skal skapast.*



Reproduksjon av soger er viktig i prosjektet. Det er eit ynskje å leggje til rette for at nye soger og forteljingar vert skapt, slik at det vert levande soger og slik at forteljarkunsten vert ført vidare på ulike vis. Dette er ei viktig kopling inn til kunstproduksjonen. Kunsten skal stimulere til refleksjon over staden, men også til å få auge på nye ting som kan forteljast vidare. Slik kjem nye soger til.

SKJEMATISK OVERSIKT

Del-prosjekt	Tiltak	2010	2011
J Vatnet og Sjøormen: Sjøormsoga	Into the Landscape Utkikkstårn Rintala Eggertsson	Forprosjekt	Bygging med entreprenør. Dugnad med bygdefolket, tekking av Tårnet
	Into the Landscape Lydworkshop Samarbeid med Lydgalleriet og Kunstlåven	Planlegging og gjennomføring	Installerast i Tårnet og eventuelt ved Skulen og Kunstlåven. Kan nyttast i Sjøormspelet.
E Skulane og Kunstlåven: Framtidssoga	Demokrati og offentlig debatt Aktivitet og leik	Planlegging, produksjon og gjennomføring	
	Workshop: Fotoforteljing. For elevane Samarbeid med Kunstlåven og skulane	Planlegging og gjennomføring	Planlegging og gjennomføring
K Stoppestaden: Samtidssoga	Digital tavle Fotokunstnere	Forprosjekt	Gjennomføring
	Fotoserie/løype	Planlegging	Gjennomføring
B Formidling	Kikkeskåp	Produksjon og montering	Produksjon og montering
	Skilting	Produksjon og montering	Produksjon og montering



1. DELPROSJEKT J: VATNET OG SJØORMEN

KUNSTNARLEG KONSEPT

Forteljingane om Sjøormen er tatt vare på gjennom muntleg tradisjon og er bare delvis nedskrivne. Det finst også nokre teikningar, - og frå moderne tid fotografi. Det er forteljingane, ikkje bildematerialet, som har bore historien om Sjøormen.

Den forteljarmåten som oftast vert brukt er attgjeving av vitneobservasjonar. Når forteljingane vert vidareformidla, vert ofte vitnet sine eigne ord brukt. Vi ser også i nokre teikningar at vitnet sjølv har forsøkt å visualisere korleis Sjøormen såg ut. Det er det at vitna står fram med fullt namn og oppgjev stad og tid for observasjonen, som gjer forteljingane truverdige.

På bakgrunn av dette bør grunnlaget for å arbeide med mytene om Sjøormen vera å formidle autentiske vitneobservasjonar og å leggje til rette for at nye historiar vert skapt.

Kunstverka som vert valde skal ha utkikkspunkt som grunnlag, dei skal vera i dialog med naturen/landskapet og det historiske materialet på staden.

Kunstverka skal kommunisere godt med bygdefolket og turistane. Det betyr ikkje at verka ikkje skal vera utfordrande. Minst eitt av arbeida bør skape oppsikt, andre kan vera meir lågmælte.

Kunstverk kan plasserast på åstadar for møte med Sjøormen eller på gode utkikkspunkt.

Det er utarbeidd kart til både "Seljord og sogene" og "Vatnet og Sjøormen", der sogematerialet er innarbeidd. Sjå www.seljordogsogene.no

1.1 INTO THE LANDSCAPE: UTKIKKSTÅRN

RintalaEggertsson vart inviterte med i prosjektet i 2008. Dei er valde på bakgrunn av si tilnærming til staden, naturen og dei imaterielle kvalitetane ved staden. Deira tolking av oppdraget er eit utkikkstårn i 3 høgder. Dei har teikna skisser og laga fotomontasje, sjå eige vedlegg.

Med Tånet fylgjer eit arkitekturprogram, med mindre installasjonar på andre utkikkspunkt rundt vatnet. Desse installasjonane vart bygd under ein workshop hausten 2009; Into the Landscape. Sjå eige vedlegg med rapport frå denne workshopen.

Bakgrunn for konsept og konstruksjon frå Rintala Eggertsson:

"Ved utarbeidelsen av et arkitektonisk program forsøker man ofte å etablere en fellesnevner som kan inngå i mange situasjoner, men som i tillegg kan variere etter ulike omgivelser og funksjonsbehov. Dette har også vært vårt utgangspunkt her. Oppgaven dreier seg om formidling av et naturfenomen og omgivelsene det befinner seg i til et publikum som ikke har direkte tilknytning til det på forhånd. I våre øyne er det derfor viktig å skape en forbindelse til omgivelsene, både underveis mot vannet og på selve utkikkspunktet. Dette kan gjøres ved å anlegge utkikkspunktene litt unna adkomstveier og parkering slik at de besøkende får en liten spasertur og kan på den måten innta



omgivelsene på forhånd. En slik forberedelse gjør at møtet med vannspeilet blir mindre brått og bidrar forhåpentligvis til at reisen fortsetter på det mentale planet langt inn i historien om Seljordsormen.

Utkikkspunktet er således ikke endepunktet, men det markerer likevel en grense mot det ukjente. Vi ser for oss at denne grensen får et forankringspunkt i form av et naturelement man finner på hvert sted. Det kan være en stein, en bekk, en fjellside, eller et tre slik vi foreslår på Bjørgeøyen. Dette vil understreke prosjektets forhold til naturen og de kreftene den representerer.

Det er naturlig å tenke tårnet og de andre rommene konstruert av limtre. Det er en enkel og kostnadseffektiv metode som egner seg godt til dette stedet. Kledningen foreslår vi laget av treshingel. Den knytter bygningsmassen til historisk arkitektur i Telemark. Bruk av shingel i fasadene gir en god vann-avrenning og med riktig montering og vedlikehold kan den vare i mange tiår. Vi ser for oss at shingelen lages på dugnad av befolkningen i Seljord.”

SAMARBEIDSPARTNARAR

Utkikkstårnet skal stå på Bjørgeøyen, som er eit vakkert område nede ved vatnet, knytt til sentrum. For å koma ned til tårnet går ein gjennom eit vakkert kulturlandskap og beiteområde. Grunneigaren er svært positiv til denne satsinga og ynskjer tårnet velkomen. Samarbeidspartnarane knytt til tårnet er Seljord og sogene og grunneigar Leiv Bjørge.

KUNSTNARANE

Rintala Eggertsson Architects was established in 2007 by the Finnish architect Sami Rintala and the Icelandic architect Dagur Eggertsson. The office bases its activities on furniture design, public art projects, architecture and planning. They are currently working on projects in Norway, Iceland, France, Italy, Russia and China.

Sami Rintala (born 1969) has a long merit list after finishing his architect studies in Helsinki Finland 1999 under professor Juhani Pallasmaa. He established architect office Casagrande & Rintala 1998, which produced a series of acknowledged architectural installations around the world during the next five years until 2003. Sami Rintala's work is based on narrative and conceptualism. Resulting work is a layered interpretation of the physical, mental and poetic resources of the site.

Important part of Rintala's work is teaching and lecturing in various art and architecture universities. He is currently professor in AHO Oslo and NTNU Trondheim.

Dagur Eggertsson (born 1965) has a professional background from a number of the most prominent offices in Oslo. After his professional degree from the Oslo School of Architecture in 1992, he started his collaboration with architect Vibeke Jenssen, as NOIS architects. In 1996 he finished a post-professional master's degree at the Helsinki University of Technology, where he started experimentation with building full scale architectonic objects, under the supervision of Professor Juhani Pallasmaa.



Along with his professional practice, Eggertsson has taught architecture in Norway, Iceland and Sweden. He is currently a project examiner at the Oslo School of Architecture and Design.

Cv til kunstnarane ligg som vedlegg.

FRAMDRIFT

FASE	Skisseprosjekt 20% 2008-2009	Forprosjekt 15% 2010	Anbud 15% 2010	Bygging 50% 2011
Tillegg	Plan, fugleliv og adkomst Bjørgeøyen			
Rintala Eggertsson	Skisser og arkitekturprogram	Forprosjektering	Anbud	Oppfølging
Feste landskapsark	Utvikler	Planarbeid		Oppfølging
Springer kulturstudio	Utvikler og kurator	Planlegging og finansiering		Produsent
Entreprenør		Forprosjektering		Bygging
Seljord kommune	Oppdragsgiver rammer	Byggeomelding, finansiering	Anbud	Oppfølging
Arbeidsgruppa	Kvalitetssikrer	Planleggedugnad		Organisere dugnad

1.2 INTO THE LANDSCAPE: EU PROSJEKT

Den internasjonale workshopen "Into the Landscape" vart ein suksess, både fagleg og sosialt. Workshopen vart gjennomført i perioden 24.09 – 04.10 2009, med 32 studentar frå NABA (kunst- og arkitekturhøgskule) i Milano (ITA) og 6 studentar frå scenekunstakademiet i Fredrikstad (Høgskulen i Østfold). Til saman var det 38 studentar frå 12 nasjonalitetar i Seljord over ein periode på 10 dagar.

Det vart bygd tre installasjonar rundt vatnet under denne workshopen, mellom anna ein sauna i Vebekkdalen, sjå bilde under og eigen rapport og dvd.

"Into the Landscape" handlar om å sjå kunst, arkitektur og design, historiar og identitet knytt til staden og landskapet i ein samanheng. Skape attraksjon med enkle virkemiddel som spelar på lag med staden og naturen, og med ei heilskapleg og økologisk tilnærming i stadutviklinga. Ein viktig del av "Into the Landscape" er studentworkshop som metode og eit tverrfagleg, profesjonelt team.



Me ynskjer å utvikle "Into the Landscape" vidare som eit EU prosjekt, der Tårnet i Seljord er eit av tiltaka.



BUDSJETT OG FINANSIERINGSPLAN

Budsjett:

	2010	2011
Tekking av tårnet		150 000,00
Omregulering	100 000,00	50 000,00
Reise og opphald	20 000,00	20 000,00
Forprosjekt kunstnarar	190 000,00	50 000,00
Prosjektleiing	40 000,00	100 000,00
Planarbeid	70 000,00	50 000,00
Produksjon og materialar		1 500 000,00
Tilkomst		200 000,00
"Into the Landscape" som EU prosjekt	300 000,00	
	<u>720 000,00</u>	<u>2 120 000,00</u>

Finansieringsplan:

	2010	2011
Eigininnsats	100 000,00	200 000,00
Seljord kommune	100 000,00	100 000,00
Seljord næringslag	20 000,00	120 000,00
KRD	300 000,00	
KORO	200 000,00	1 100 000,00
EU program		600 000,00
	<u>720 000,00</u>	<u>2 120 000,00</u>



1.3 INTO THE LANDSCAPE: LYD-WORKSHOP

Sommaren 2010 er det planlagt å invitere til workshop på lyd i Seljord. Lyd-workshopen tek utgangspunkt i saga om Sjøormen og skal integrerast i Tårnet. Tårnet vil ha to eller tre "etasjar" og tanken er at når ein går opp i Tårnet, går ein også ned i vatnet. Gjennom eit slikt lydverk/lydinstallasjon vil ein ta i bruk fleire sansar for å sjå/ta inn om ein kan sanse Sjøormen. Dette vil gje ein ny dimensjon i møtet med den immaterielle verda, og skape ei kjelde til ei mangfaldig oppleving i møte med vatnet.

Workshopen skal gå over 5 dagar der 4 kunstnarar som arbeider med lyd og/eller elektomagnetisme skal opphalde seg i Seljord for å drive undersøkingar og sanke inn lydmateriale både frå under og over vatn. Dette skal brukast vidare i eit verk eller fleire som skal integrerast i Tårnet når det står ferdig bygd. Etterarbeid og produksjon av verket(a) skal gå føre seg i perioden etter workshopen, august til desember.

Det kan også vera aktuelt å bruke eit eller fleire verk knytt til andre kunst- og formidlingspunkt i Seljord, og eventuelt i den nye Sjøormoppsetninga for born. Om ein slik fleirbruk er aktuelt, vil dette avklarast med kunstnarane i forkant av workshopen.

Døme på kva kunstnarane kan finne på:

- Lyttestasjonar og live-streaming av lyd frå djupet. Overvakings-stasjonar.
- Lydopptak med hydrofonar.
- Opptak av samtaler med lokale historieforteljarar.
- Lyd basert på ekkolyd/sonar scanning frå botnen av vatnet.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG ORGANISERING

Seljord kommune er eigar av stadutviklingsprosjektet Seljord og sogene og er ansvarlege for lyd-workshopen. Seljord kunstforening vil vera ein sentral samarbeidspartnar, då Kunstlåven vil verta brukt som base og kunstforeninga vil fungere som ein lokal vert med sitt profesjonelle kunstmiljø. Lydgalleriet i Bergen er fagleg ansvarleg for workshopen og vil stå for utvalet av dei fire kunstnarane som skal delta på workshopen. Springer kulturstudio er prosjektleiar og skal ta seg av planlegging, logistikk, økonomi, marknadsføring, presse og dokumentasjon.

KUNSTNARAR

Lydgalleriet ved Jørgen Larsson er fagleg ansvarleg for workshopen og vil velje ut lydkunstnarane som skal delta på workshopen.

FRAMDRIFT

2010

Mars: annonsering etter kunstnarar som ynskjer å delta på workshopen.

Mars til juli: planlegging.

August: gjennomføring av workshop i Seljord.

August til desember: etterarbeid.



2011

September: montering av verk i Tårnet.

BUDSJETT OG FINANSIERINGSPLAN

Reise og opphold	70 000,00
Prosjektledelse	90 000,00
Materialer og utstyr	60 000,00
Honorar	80 000,00
Markedsføring og dok	60 000,00
Uforutsatte utgifter	40 000,00
	<u>400 000,00</u>

Seljord kommune	100 000,00
Telemark fylkeskommune	100 000,00
Norsk Kulturråd	200 000,00
	<u>400 000,00</u>

2. DELPROSJEKT E: SKULANE OG KUNSTLÅVEN

KUNSTNARLEG UTGANGSPUNKT OG BAKGRUNN

Skuleområdet er ein viktig og svært synleg plass i sentrum. Som både born, ungdom, kunstnarar, publikum til Kunstlåven, bygdefolk og tilreisande brukar. Det er ein viktig arena for debatt og ytringar.

Det som er spesielt med denne staden er at det både er "arbeidsplassen" til born og ungdom på skulane og til kunstnarane i Kunstlåven og ein viktig offentleg plass midt i sentrum. Det er her publikum til Kunstlåven kjem, og Kunstlåven er ein av dei viktigaste aktørane i samtidsdebatten i bygda. Det er også det fyrste tilreisande med kollektivtrafikk møter da dei kjem til rutebilstasjonen som ligg rett ved skulane og Kunstlåven.

Born, unge og kunstnarane er opptekne av samtida og framtida. Det er noko nyskapande ved både kunsten, born og ungdom. Det er derfor viktig å la dette verket skapast i dialog med brukarane. Det er interessant å ta med tilrettelegginga for reproduksjon av soger, som t.d. ; kva er framtidssoga? Og korleis ein tolkar allereie eksisterande soger? Eit anna viktig tema er aktivitet og leik, dette skal fungere som ei plattform i vidare arbeid med området.



Dette utviklings- og kunstprosjektet skal:

- kombinere kunst og fysisk tilrettelegging,
- ha fokus på uteområdet frå hotellet til Kunstlåven,
- sjå på heilskapen og ta opp i seg ynskje frå brukarane,
- leggje tilrette for fysisk aktivitet og leik,
- ta opp i seg formidling av sogene med reproduksjon.

2.1 DEMOKRATI OG OFFENTLIG DEBATT

Tre digitale skjermar vil etablere ei offentleg digital veggavis i sentrum av Seljord. Skjermene blir montert på ein murvegg ved Kunstlåven som også er ein del av uteområdet knytt til skulane. Skjermene visar film, foto og tekst som vil vera offentlege ytringar og vil stimulere til offentleg debatt.

Den vidaregåande skulen har noko dei kallar Selma, Seljords svar på Oskarutdeling, der dei set pris på gode arbeid. Ein "award" for ungdommen. Det ville vore interessant å flytte ein del av dette ut, med ei mønstring/utstilling ute på Seljords nye digitale veggavis. Som ei veggavis for ungdommen som også appellerar til bygdefolk og tilreisande. Ein arena der ein kan stille spørsmål, vise fram idear og tankar og formidle soger (forteljingar).

Kunstlåven får ein ny visningsarena for sommarutstillinga, da spesielt med tanke på videoverk. Veggavisa vil også kunne vise "public journalism", der folk sjølve tek film og lagar "reportasjar" frå hendingar og legg ut på nett.

Den digitale veggavisa/utstillingsopplegget kan brukast av mange; vidaregåande, ungdomsskulen, Kunstlåven og andre. Og ein vil programmerar denne utstillingsarenaen.

Elevane ved skulane vil få opplæring i det å lage digitale forteljingar, sjå punkt 2.3.

2.2 AKTIVITET OG LEIK

Når det gjeld fysisk aktivitet og leik, er dette nokre idear ein skal kikke nærmare på:

- friidrett; hoppegroper, løpebane med fin raud sand, 60m bane. Dette har gått ut av bruk på skuleområdet, men kan takast oppatt. Det er ein fin og morosam aktivitet ein kan gjera organisert eller aleine og i små grupper. Det kan gjerast og utformast på ein moderne og ny måte, og kan knytast til eit kunstuttrykk.
- sykkelbane; kombinere sykling (BMX) med landskapsforming. Ei sjøormløype.
- klatrevegg/klatreskulptur, hopping, plass til leik og "tullball".
- eit område for skating, rulleskøyter og sykkel.

Mobil dokketeaterscene som kan fungere både ute og inne. Der ein kan ha workshop med å lage dokker, dokketeaterstykkje, spela dokketeater osv. Dette er eit fint samarbeidsprosjekt mellom Kunstlåven og skulane/barnehagane.



2.3 FOTOFORTELJING WORKSHOP

